



John Hjertås Sulebakk
Kjedalen 28
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3158 - 16/7466

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
19.04.2016

Godkjenning - utslepp frå nytt våningshus på eigedomen gbnr 9/6.

Administrativt vedtak. Saknr: 95/2016

Tiltakshavar: John H. Sulebakk
Ansvarleg søkjar: Stusdal VVS
Type utslepp: Sanitært avlaupsvatn med utslepp mindre enn 50 pe
Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5
Godkjenning etter plan- og bygningslova § 20-1

Saksutgreiing:

I samband med at eksisterande våningshus på eigedomen gbnr 9/6 på Hjertås i Meland kommune skal rivast og nytt skal oppførast på same staden, er det også søkt om nytt utsleppsløyve, 5 pe. Søknaden er journalført 17.02.2016. I samsvar med søknad skal avlaupet reinsast i biologisk /kjemisk minireinseanlegg. Reinsa utslepp skal deretter førast til grøft /etterpolering på eigen eigedom.

Eigedomen har i dag utslepp til slamavskiljar. Eigedomen er tilkopla kommunalt vassverk.

Nabovarsling:

Utsleppet vart nabovarsla 01.02.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket. Administrasjonen er samd med søkjar i at det ikkje er trong for ytterlegare nabovarsling og stiller difor ikkje krav om dette.

Erklæring av ansvarsrett:

Føretaket Stusdal VVS har erklært ansvarsrett, jf plan- og bygningslovva § 23-3.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen gbnr 9/6 er ein landbrukseigedom i drift. Tekniske anlegg som skal tene nytt våningshus på eigedomen er i samsvar med LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel (KPA). Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Eigedomen ligg i eit område med krav til reinsing av avlaupsvatn i biologisk/kjemisk minireinseanlegg. Det er ikkje mogeleg å føra avlaupet til sjø.

Minireinseanlegget skal ha dokumentasjon som tilfredstiller NS-EN 12566-3 eller tilsvarande standard for reinsegrad, slamproduksjon og gjennomsnittleg slamproduksjon.

Minireinseanlegget skal drivast og vedlikehaldast i samsvar med skriftleg drifts- og vedlikehaldsavtale. Slik avtale skal liggje føre før anlegget vert teke i bruk.

Eigar av anlegget er ansvarleg for eventuell forureining, jfr § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det her er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering, i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5.

Slamavskiljarar som ikkje lenger er i bruk skal sikrast. Dette kan gjerast ved at dei vert fjerna eller ved at dei vert tømde og fylt igjen med steinmassar. Eigar må sjølv syta for naudsynt tømning og sikring av slamavskiljaren. Tilknytning til kommunal slamtømmeordning går ut.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forureining» sin § 12-5, utsleppsløyve frå nytt våningshus, 5 pe, på gbnr 9/6, i samsvar med søknad journalført 17.02.2016 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minireinseanlegg der det reinsa avlaupsvatnet vert ført til terreng/etterpolering på eigen eigedom.
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minireinseanlegget før anlegget vert teke i bruk.

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-3 vert det gjeve løyve til etablering av avlaupsanlegg på gbnr 9/6, i samsvar med søknad journalført 17.02.2016. Anlegget skal plasserast som vist på situasjonsplan journalført 17.02.2016, jf plan- og bygningslova § 29-4.

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Sit.kart 9-6

Kopi til:

Dag Eivind Hagesæter
Stusdal VVS AS

Øvre Kråkenes 66 5152

BØNES

Mottakere:

John Hjertås Sulebakk

Kjedalen 28 5918

FREKHAUG